

ORSTAD SKULE

PLAN MOT MOBBING

Denne planen byggjer på § 9a – 3 i Opplæringslova om Det psykososiale miljøet og vedtak i Hovudutvalet i Klepp kommune.

§ 9a – 3 har følgjande innhald:

Skolen skal aktivt og systematisk arbeida for å fremja eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven skal oppleva tryggleik og sosialt tilhør. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøka saka og varsla skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn. Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast behandla saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det er gjort enkeltvedtak.

Vedtak i hovudutvalet:

Skulane oppjusterer planane mot mobbing innan 01.08.08 og tek med prosedyrar der flytting av elevar i samsvar med § 8-1 i Opplæringslova kan nyttast.

§ 8-1 p. 3:

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skulen der eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytta ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak.

ORSTAD SKULE sin plan mot MOBBING har desse punkta:

1. Dei vaksne på Orstad skule forpliktar seg til å ta mobbing på alvor.

2. MOBBING DEFINERER VI SLIK:

Ein elev vert mobba når ein annan elev, eller fleire andre elevar:

- seier vonde eller ubehagelege ting eller gjer narr av han / henne eller bruker stygge kallenamn
- overser han / henne fullstendig eller stengjer han / henne med hensikt ute frå kameratgruppa
- slår, sparkar, dyttar eller truar han / henne
- fortel løgner, sprer falske rykte eller sender ubehagelege lappar og prøver å få dei andre elevane til å mislika han / henne

Desse tinga skjer ofte (minst 2 - 3 gonger i månaden), og det er vanskeleg for den som vert plaga å forsvare seg.

Det er ikkje mobbing når ertinga blir gjort på ein vennskapeleg måte. Det er heller ikkje mobbing når to om lag like store elevar slåss eller kranglar.

(Definisjon på mobbing av Olweus)

3. KVA SKULEN GJER NÅR VI OPPDAGAR MOBBING

- A:** Kontaktlærer snakkar med mobbeoffer og foreldre / føresette; ikkje saman med mobbar
MÅL: Skaffa seg meir informasjon. Kva har skjedd ?
- B:** Kontaktlærer snakkar med mobbarane. Telefon heim til foreldre / føresette. Viktig at ein snakkar med mobbarane kvar for seg og ikkje saman med mobbeoffer.
- C:** Kontaktlærer informerer sosiallærer / rektor.
- D:** Kontaktlærer og sosiallærer legg opp ein vidare plan etter alvorlegheitsgrad.
- E:** Tiltaka kan då vera:
- jamnlege samtalar med mobbarane
 - hjelp og støtte til mobbeoffer
 - innkalla foreldre og elevar til møte
 - jamnleg telefonkontakt med dei aktuelle heimane

Det skal førast logg / referat.

4. ANDRE TILTAK

Inspeksjonssystemet: Godt med vakter i pausetid
Inndeling av skuleområdet i soner
Synlege vakter med refleksvestar

Om ein ikkje greier å løysa saka og få slutt på mobbinga, kan det vera aktuelt å flytta mobbaren til ein annan skule. Her viser skule til § 8-1 p. 3 i Opplæringslova.

Mobbe / trivselsundersøking for 3., 6. og 9. trinn på etterjulsvinteren (februar).

Regelmessige trinn- eller gruppemøte der det vert sett fokus på mobbing; møte i snitt kvar 14. dag.

Elevsamtalar ein gong i halvåret.

Null-toleranse grense for banning og krenkande / sårande ord.

Dette vert ikkje definert som mobbing, men konflikt:

Det er ikkje mobbing når ertinga blir gjort på ein vennskapeleg måte. Det er heller ikkje mobbing når om lag like store elevar slåss eller kranglar.